

## Margit Harsson

9. juni 1943 – 3. juni 2021



Ein vakker junimorgon i 2021 døydde Margit heime i Hole. Ho levde livet til fulle heilt til siste slutt, og ektemannen Bjørn Geirr følgde henne til døra slik dei to har følgd kvarandre sidan dei begge var i 20-åra. I meir enn fire år levde ho med kreft som ho visste ville vinne til slutt, men ho fylte også desse åra med dei livskvalitetane som var viktige for henne; familien, vener, gjester, mat, hus og hage, lokalsamfunnet ho var med på å prege, turar og reiser med kulturhistorisk innhald – og så fag – i vid meining. Ho leverte frå seg den siste artikkelen sin mindre enn ei veke før ho døydde.

Margit var namnegranskar, men ho var i også ein publiserande kulturhistorikar. I dette forumet skal eg leggje fokuset på fagpersonen, men eg må innleiingsvis seie at det har vore eit privilegium å ha Margit som kollega og ven. Ho var eit sjeldant godt menneske; varm, klok, med omsut for nære og mindre nære, og med eit brennande engasjement for fag og historie.

Alt dette starta på garden Oppsata i Ål i Hallingdal, der ho som midt-årste av tre sysken voks opp på ein gard og i ei grend der nedverd kultur prega dagleglivet. Ål-dialekta beheldt ho heile livet. Ho drog til lands-

gymnaset på Voss og tok artium på norrønlinja der i 1962. Deretter bar det vidare til Oslo, først sekretærlinja på Oslo Handelsgymnasium, så engelsklinja på Oslo lærarskule. Ho møtte Bjørn Geirr i desse åra, og dei fekk to gitar saman. I 1976 flytta dei til Røyse i Hole kommune, og dette valet av bustad kom til å prege karrieren og livet hennar på avgjerande måtar. Som heimeverande småbarnsmor starta Margit på Universitetet i Oslo, ho tok etnologi og nordisk på lågare nivå først, og så hovudfagseksamen i nordisk språkvitskap i 1982.

Hovudoppgåva innvarsla livslangt engasjement for kulturhistoria i Hole, for i den analyserte ho stadnamn i Hole som ho sjølv hadde samla inn. Eit biprodukt av arbeidet var den kjennskapen ho fekk til folk og historie i Hole kommune som ho relativt nyleg hadde flytt til. Dette blei ein viktig ressurs for henne, noko eg kjem tilbake til. Margit fekk registrert heile dette namnetilfanget på holkort; ho blei altså den første som registrerte namnetilfanget sitt digitalt – i alle fall ved Universitetet i Oslo. Dei to første faglege bidraga hennar frå 1983 handla då også om erfaringane hennar med digital bearbeiding av eit namnetilfang. I 1985 publiserte ho artiklar både i *Heimen* og *Namn og Nemne* om same tema. Det var ikkje rart at Institutt for namnegransking (seinare Avdeling for namnegransking) sikra seg pionerkompetansen hennar ved å tilby henne eit vikariat i 1983, vit.ass.-stilling i 1984 og fast amanuensisstilling i 1989. Avdeling for namnegransking blei arbeidsplassen hennar heilt fram til ho gjekk av for aldersgrensa i 2013, frå 2006 i stilling som førsteamanuensis.

Margits særlege interesser som namnegranskar går i alle fall langs tre spor. Eg har alt nemnt pionerarbeidet med digital behandling av namnetilfang, og slik registrering førte logisk nok til ei tidleg interesse for *namnestruktur*. Fleire av dei tidlege arbeida hennar har dette som tema.

Det viktigaste faglege fokuset hennar er likevel bustadnamna. Ho realiserte prosjektet *Bustadnavn i Østfold* saman med Tom Schmidt i perioden 1994–2021. På grunnlag av Kåre Hoels etterlatne manuskript, gjorde Margit og Tom ein kjempejobb med å fullføre dei 20 banda, som altså representerer ei massiv supplering og revisjon av det *eine* Østfold-bandet i *Norske Gaardnavne*. Margit stod for seks av desse banda (bd. 2 *Skiptvet*, bd. 4 *Spydeberg*, bd. 6 *Askim*, bd. 8 *Idd*, bd. 10 *Aremark* og bd. 12 *Rødernes og Rømskog*). Parallelt med Østfold-namna, arbeidde Margit med norske *rud*-namn. Og i 2010 kom hennar opus magnum, *Leksikon over norske rud-namn frå mellomalderen*, eit verk på 930 sider som gjere greie for alle dei gamle *rud*-namna etter same mal som var lagt for *Bustadnavn i Østfold*. Dette er eit oppslagsverk av varig verdi for alle nordiske nam-

negranskarar – både personnamn- og stadnamngranskarar, men også for alle som trekkjer inn namnemateriale i tverrfaglege studium, det vere seg lokalhistorie, arkeologi eller historie. For boka blei ho tildelt ein forskingspris frå Kungl. Gustav Adolfs Akademien 6. november 2011.

Denne massive empiriske erfaringa med bustadnamn i Østfold, med *rud*-namna og med bustadnamn i Hole, gjorde at Margit hadde eit stort reservoir av interessante namnefaglege problem å ause av når ho skulle levere einskildartiklar. Og i bibliografien hennar finn vi ein perlerad av slike studiar. Gode eksempel er «*Jonstrud og Bjørnstrud. Om t-inskot mellom s og r*» (1995), «*Bekkhush – 13 bustadnamn i Østfold*» (2000), «*Gardsnamnet Dagerød i Aremark*» (2002), «*Kugga og Kuggerud, ein elv og ein gard*» (2006) og «*Frå Oddsruđ til Auserød – om lydlege endringar i gamle rud-namn*» (2008).

Den tredje tydelege faglege interessa hennar er den meir kulturhistoriske tilnærminga til namnetilfanget, der namna blir utgangspunkt for lokalhistoriske studium. Det går ei line frå barndommen i Ål, via etnologi som fag, innsamlinga av stadnamn i Hole til Margit som lokalhistorikar både i Hole og andre stader. I 2000 fullførde Margit boka om Stein gard i Hole (269 sider). I denne boka er Margit lokalhistorikar, namna er med, men det er også ei rad andre kjelder. I publikasjonslista hennar finn vi fleire artiklar som har eit slikt vidare historisk siktemål. Ho har eit par artiklar om Halvdanshaugen på Ringerike, er interessert i historia til Krok-skogen og bidrog inn i det store Gråfjell-prosjektet i Åmot i Hedmark. Ho tematiserer eksplisitt gardsnamna sin kjeldeverdi i artikkelen «*Gardsnamn som kjelde i bygdehistoria*» (2002).

Som fagtilsett ved Universitetet i Oslo underviste og rettleidde ho på alle nivå, ho arbeidde med samlingane, ikkje minst med digitalisering og tilrettelegging, ho publiserte i det store formatet, og i artikkelformatet utan stopp, ho skreiv bokmeldingar, redigerte rapportar og festskrift og formidla faget i populære forum. Ho var også ein god og støttande kollega som bidrog positivt i alle fagleg-sosiale samanhengar. Ho drog lasset då den store nordiske namneforsarkonferansen blei arrangert i hennar kjære Hole kommune i 1994. Vi er mange som sit att med uforgløyemelege minne om det kulturhistoriske programmet Margit då la opp til – i tillegg til det faglege utbyttet konferanseprogrammet gav. I 2013 redigerte kollegaer festskriftet *Målblomar til Margit* i høve 70-årsdagen hennar som også inneheld publikasjonslista hennar ajourført til dette året.

For oss som kjende Margit frå universitetssida, var det utruleg sterkt og imponerande å få høyre i gravferda kva Margit har bidradd med som

ressursperson i Hole kommune *i same tidsperiode* som ho var vår kollega på Universitet i Oslo. Ho var initiativtakar og aktiv pådrivar for stiftinga av Hole historielag, det same galdt bygdeboka og bygdearkivet. Ho la sjølv ned eit stort arbeid med å byggje opp det digitale fotoarkivet i kommunen, og ho var initiativtakar til å etablere Nasjonalt senter i Hole for opplysningar om Jørgen Moe. I tillegg har ho engasjert seg i andre lokale lag og foreiningar, så som bygdekvinnelaget og lokal interesseforeining for hørselshemma. Ho mottok høgst fortent Hole kommunes kulturpris i 2002.

Margit Harsson har gjort ein stor og varig innsats til beste for norsk og nordisk namneforskning. Men med Margit har vi i tillegg mista ein sjeldan lysande og positiv kulturbyggjar på alle omkverve i livet: frå alle dei personlege relasjonane ho stelte så fint med, til det fagleg-sosiale miljøet ho bygde opp rundt seg på Universitetet i Oslo – til den store innsatsen ho har gjort i Hole kommune. Margit har sett positive spor etter seg på så mange felt, og vi er mange som med stor takksemd og vemod takkar henne for livsverket.

*Kristin Bakken*